

Saksbehandlar: Helle Selseng, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/744-5

Interkommunal avtale - miljøretta helsevern

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune godkjenner avtale om samarbeid om miljøretta helsevern mellom Årdal, Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal og Vik kommunar slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Avtale om miljøretta helsevern mellom Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal kommune
2. Årsmelding 2020
3. Vedtak Luster kommunestyre

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

For dei avtalane/interkommunale samarbeida der Sogndal kommune er vertskap har det over lengre tid vore drøftingar for å få på plass nye avtalar. På grunn av samanslåinga vart dei tidlegare avtalane sagt opp. Etter kommunereforma har avtalane og prinsippa som ligg til grunn vore drøfta med mål om nytt avtaleforslag

Det er gjort eit arbeid med å få alle avtalane inn i felles form og disposisjon, samt tilpassa ny kommunelov.

Vidare har det vorte lagt vekt på at det skal vere gode rapporteringsordningar for oppfølging og utvikling av alle dei ulike samarbeida. Fordelingsnøklar har vore diskutert og drøfta inngåande for alle samarbeid og det er noko ulikt kva for fordelingsnøklar ein har landa på i dei ulike avtalane. I tidlegare avtalar har det vore ulik praksis når det gjeld husleige. I nye avtaleforslag er det skissert ein felles sats på kr 2.200,- per kvm. inkl. FDV. Ein legg vidare til grunn staten si arealnorm med 23 kvm per tilsett/kontorarbeidsplass. Når det gjeld administrasjonskostnadar har det også vore ulik praksis i dei tidlegare avtalane. Administrasjonskostnad skal dekke personal, økonomi, sak arkiv, post, osv. Det er i dei nye avtaleforslag definert til 4 % av lønsutgiftene i avtalen.

2. Bakgrunn for saka

I 2004 vart det tidlegare kommunale næringsmiddeltilsynet sine oppgåver delt mellom kommune og stat. Mattilsynet tok over dei fleste oppgåvene og vart eit statleg tilsyn, medan miljøretta helsevernoppgåvene vart vidareført som ei kommunal oppgåve.

Miljøretta helsevern vart frå januar 2004 etablert som ei interkommunal teneste organisert etter vertskommunemodellen. Sogndal var vertskommune og dei andre sju kommunane i indre Sogn deltok i samarbeidet.

Etter samanslåing mellom Leikanger, Balestrand og Sogndal er dei gamle vertskommuneavtalane sagt opp, og det er utarbeidd framlegg til ny avtale. Deltakande kommunar er Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Luster og Vik. Sogndal er fortsatt vertskommune med ansvar for å utføre oppgåvene i tråd med gjeldande lovverk, utarbeide budsjett, føre rekneskap mm.

Vedlagt årsmelding syner bemanning, regelverk, oppgåver, aktivitet, økonomi m.m. i 2020. Nettoutgiftene til ordninga skal fordelast mellom deltakarkommunane med 30 % likt og 70% etter omfanget av tilsynsobjekt i kommunane. Husleige og administrasjonskostnad er som skissert over.

Frå september 2020 er tenesta styrka med ei stilling slik at det no er totalt to heile stillingar. Styrkinga med ei stilling er uavhengig av ny samarbeidsavtale og vart teke inn i budsjett 2021.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kommunane har ei lovpålagd plikt til å løyse oppgåver innan miljøretta helsevern. Rådmannen vurderer dette som oppgåver som er godt egna for interkommunalt samarbeid. Ei slik organisering sikrar fleksibilitet, kapasitet og kvalitet i tenesta. Dette vert no forsterka med etablering av ei ekstra stilling slik at også kontinuitet er betre sikra enn tidlegare. Samarbeid mellom kommunane gir vidare eit betre tilbod for fagleg samarbeid og utvikling.

Sidan starten i 2004 har samarbeidet og oppgåveløysinga i all hovudsak fungert godt, med unntak av at det dei siste åra har vore krevjande å ha stabil bemanning. Ein periode hadde difor kommuneoverlegane denne oppgåva. Legane har påpeika og gitt beskjed om at dette ikkje er ei god løysing.

Dei andre kommunane i samarbeidet er positive til fortsatt samarbeid for å løyse dei lovpålagde oppgåvene kommunane har for miljøretta helsevern. Alle dei andre samarbeidskommunane har vedteke og signert avtalen slik den ligg føre.

Det ligg ikkje føre detaljert budsjett for samarbeidet i 2021 basert på ny avtale og ny stilling. Kostnadane for kommunen er auka frå tidlegare på bakgrunn av at det er oppretta ei ekstra stilling.

4. Konklusjon

Rådmannen si vurdering er at dette er eit tenestemråde som er godt egna for interkommunalt samarbeid og situasjonen i tenesta er god. Sogndal kommune har gode føresetnader for å kunne fortsetje som vertskommune for tenesta.

Rådmannen tilrår at vedlagt samarbeidsavtale vert godkjent slik den ligg føre.